

Jakob Jakobsens folkeminnetekster på norn

Svale Solheim

Når eg skal skriva nokre ord og prøva karakterisera Jakob Jakobsen som forskar, så må mi vurdering for ein del kvila på eit noko sviktande grunnlag, fordi eg sjølv ikkje er filolog, men folkeminneforskar. Likevel er det hans arbeid med det norrøne målet på Shetland eg kjenner best til, og som eg kjem til å skriva om, og det må vel kunna seiast at det er innafor området norrøn filologi Jakob Jakobsens livsverk har ført til dei rikaste og mest varande resultat og staka opp vegane for framtidig forskning. Som folkeminneforskar har eg hatt stor hjelp av Jakobsens språklege studiar og teke imot sterke inntrykk og rike impulsar frå dei. Det kjennest derfor som ein naturleg skyldnad å vera med og gjeva eit lite tilskot til karakteristikken av han.

Det var i midten av 1930-åra at eg første gongen lærde Jakob Jakobsens vitskaplege arbeid nærmare å kjenna. Eg heldt på å samla inn og systematisera tilfanget til mi doktoravhandling, «Nemningsfordomar ved fiske», som vart publisert i 1940. Nytt norsk materiale hadde vorte samla inn gjennom spørjelister dei føregåande år, og det galdt om å finna fram til jamføringsmateriale frå andre land kring Norskehavet og særskilt frå øyane i vest med gamal norrøn busetnad. Då viste det seg snart at Jakobsens banebrytande

verk om Shetland-norn var den beste kjelda. Kapitlet «Fiskernes navne-tabu; sønavne» i hans doktoravhandling, «Det norrøne sprog på Shetland» 1897, opna vegen for meg til eit så rikt og variert jamføringsmateriale som eg kunne ynskja meg, og det gav også impulsar når det galdt systematiseringa av stoffet. Ein kan finna tydelege spor etter Jakobsens ordning av stoffet i komposisjonen av mi avhandling. «Det norrøne sprog på Shetland» var hovudporten som førde meg inn til hans hovudverk, «Etymologisk ordbog over det norrøne sprog på Shetland».

Ein sommar, i 1936 om eg minnest rett, budde eg åleine i professor Nils Lids hus på Vinderen ved Oslo og skulle halda auga med eigedomen medan han sjølv og huslyden var på ferie. Om kveldane sat eg i hans arbeidsrom og ekserperte Jakobsens Shetlands-ordbok og skreiv ut alt som hørde til det shetlandske «sjømålet». Eg er nok ein av dei mykje få som har lese dette verket frå perm til perm, kvar einaste artikkel. Og det var ikkje nokor keidsam lesing, tvertimot. Det var spanande å registrera eit så rikt og variert ordtilfang, som tydeleg viste kor stor rolle namnetabuet må ha spela i fiskarlivet på Shetland, og som gav Jakobsen god grunn til å hevda at «der har — om jeg så må sige — været et systematisk gennemført søsprog, ikke så lidt afvigende fra det daglige omgangssprog». (Det norrøne sprog s. 84). Og det er ikkje berre det språklege tilfanget i seg sjølv som har så stort verd. Like viktig er det at Jakobsen har fått med så mykje «bakgrunnsstoff» til sjønemningane, slik at ein kan sjå dei i sin levande samanheng med arbeids-, samfunns-, og folkelivet. Det som gjer denne ordboka så ufatteleg rik er nett at Jakobsen systematisk har samla og redigert inn så fyldige realkommentarar til språkstoffet. Dermed har verket vorte ei så verdfull kjelde, ikkje berre for språkforskaren, men også for kulturhistorikaren, for folkelivs- og folkeminneforskaren.

Eit nærmare studium av hans to hovudverk om Shetlands-norn lærer oss å kjenna grunnleggjande karakterdrag hos

samlaren og forskaren Jakob Jakobsen. Noko av det første som slår oss, er at han må ha hatt reint uvanlege evner som samlar. Det store materialet han fekk tak i, vitnar om at han har hatt lett for å bli kjend med heimelsmennene sine, vinna tillit hos dei og få dei aktivt interesserte i si arbeidsoppgåve. Dei opplysningane han gjev i den — desverre — ufullførde innleiinga til ordboka, stadfester at han greidde å skapa seg personlege vener i heimelsmennene sine. Vi kan merka hans kjensle av ansvar for den oppgåva han hadde sett seg og hans kjensle av plikt til å gjennomføra henne så godt som han makta det. Vi møter hans evne til streng metodisk systematisering av stoffet og hans vakne sans for å få med alle opplysningar — ikkje minst realkommentarer og bakgrunnsstoff — som kunne kasta lys over materialet og underbyggja hans konklusjonar. Det er ikkje minst dette som har gjeve desse to arbeid om Shetlands målet varande verd, både for språkforskaren og for folkeminneforskarer.

I det fylgjande skal eg med eit par døme visa korleis Jakobsens noggrant presise og fullstendige framlegging av kjeldematerialet har vore føresetnaden for å identifisera fragment av folkeminnetekster, og dermed vore til stor hjelp for folkeminneforskninga. Regelen er nemleg at dei shetlandske tekstene berre er brotstykke og dertil ofte forvende i målvegen, slik at dei er vanskelege, for ikkje å seia umogelege, å tolka sikkert.

På side 19–20 i «Det norrøne sprog på Shetland» gjev Jakobsen att frå Foula fylgjande strofe (her med noko normalisert skrivemåte):

I have malt (malet, målt) mældra min (mældren),
 I have supet usen (popet posen),
 ende seve de sede lin (eller: ante lige de søde min el. lin),
 and dene (=a) komene (a=) lusa (ljus).

Dette fører han tilbake til denne opphavsform:

Ek hef malit mældra mín (el. mældrann),
 ek hef sópat húsin;

ennþá sefr (søfr) (liggr) þat sæta lín (hin sæta mín),
ok dagrinn er kominn í ljós.

Ein gamal mann på Foula gav denne omsetjinga: «I have ground my morning-meal (breakfast-meal), I have swept the floor; still the old wife sleeps, and the daylight is in the «lum» (dvs. «ljoren», tagåbningen)». Jakobsen kallar det «et vers af en vise», men veit ikkje kva for ei det i tilfelle skulle vera. I sitt eksemplar av Jakobsens bok har professor Moltke Moe i margin skrive «et stev». Det var Jakobsen som hadde rett, endå om det var uråd på grunnlag av denne eine strofen å seia noko sikkert om kva vise det var. Men hans presise kjeldeopplysningar gjer det mogeleg å prova det. På side 153 i «Det norrøne sprog» gjev han att eit anna fragment frå Foula:

Idla jálsa swarta tap
skala ferte hãnga.

Og han opplyser at dette skal vera «banden over en sort-toppet høne». I ein note skriv han at det «siges at høre til D,2 i kap. II», dvs. *I have malt* osb. Jakobsens omhug same feltarbeid gjer det altså mogeleg å visa at dei to brotstykkka høyrer til same visa, og på dette grunnlaget var professor Knut Liestøl i stand til å prova at dei representerer atterstødene av ei mykje utbreidd skjemtevise, på norsk kalla «Hustru kan deile med sin bonde», på dansk «Den onde Kvinde» eller «Den huslige Bondemand» (sjå Maal og Minne 1936, s. 79 ff.). Denne visa er også kjend på Færøyane og i Island. Den færøyske tittelen er «Hústrú og bóndi» (CCF 179), den islandske tittelen er: «Hjóna kvæði» (prenta i: Jón Helgason: Íslenzk fornkvæði, II, Khh. 1962, s. 29–32). Det første fragmentet høyrer til i første del av visa, der den vonde kvinna jagar mannen sin til å mala og sopa huset, medan ho sjølv legg seg til å sova att. Det andre brotstykket står i siste delen av visa. Kona har stått opp og jagar mannen til hønsehuset for å få hønene til å verpa. Han greier å få dei til det med unntak av ei svarttoppa, som han så forbannar (idla jálsa

osb. I fri omsetjing: Ver forbanna, norr. ill heilsa, svarttoppa, det skal du få svi for). Det ville ha vore uråd å prova dette, dersom vi ikkje hadde Jakobsens opplysning om at brotstykket høyrde i hop.

I innleiinga til Shetlandsordboka side XIII gjev han opp heimelsmennene sine: «Et andet brudstykke af ørnevisen samt verset »I have malt meldra min» og huldreverset «Høredu, høredu ria» skylder jeg et ægtepar på Lerabakk». Det sist nemnde verset er gjeve att på side 153 i «Det norske sprog»:

Høredu høredu ria
ria ria ræn(na)
sina divla døna vivla
kopera jadla
hondena bradna.

Til dei tre siste linene gjev han denne varianten:

seana divla døna vivla
kopere ketel
honde bredden.

Frå Fetlar skreiv Jakobsen opp to variantar av verset. Av det som er sitert ovafor, er dei tre første linene godt skjønande, men dei to siste må vera noko forvende, og tolkinga derfor usikker.

Dersom vi berre hadde dei lausrivne versstumpene å byggja på, ville det ha vore vanskeleg å seia noko sikkert om kva samanheng verset har stått i. Men Jakobsens innleiande kjeldeopplysningar gjev oss full forklaring: «Et huldrevers, tilhørende en gammel legende om en mand, som rider forbi en høj og hører nogle ord, som blive råbte til ham ud af højen». Dette saman med verset skaper full visse om at det her er tale om ei velkjend og mykje utbreidd segn, som fortel at ein mann ute på ferd frå ein haug (eller eit fjell) får høyra nokon ropa på han, bed han føra fram ein bodskap heim (eller til eit bryllaup) at ein er død (oftast eit barn som har falle i elden).

Ein nærståande færøysk versjon er oppskriven av Jakob

sen og prenta i «Færøske folkesagn og æventyr» s. 210 f. Der er fortalt om ein mann frå Sandur i Sandoy som skulle til bryllaups aust i Skálavík. «Hann var á hesti, og sum hann reið eystur undir Tróndadalslíð, hoyrði hann eitt rópa: «Hoyr tú, maður, í líðini ríður! ber boð í bí, sum brúðleyp er í, at Bembil er deyður og badnið er brent!» Tá ið maðurin kom í brúðleypshúsið, segði hann hetta: «Bembil er deyður, og badnið er brent». Tá sprakk eitt undan borðinum og rópaði: «Tað var sonur mín»».

Ei jamføring mellom den færøyske versjonen og fragmenta frå Shetland viser det nære hopehavet med dei norske utformingane av segna. Moltke Moe var klår over dette, og i sitt eksemplar av «Det norrøne sprog» har han skrive i margin: «Jfr. Sig hende Deld at Dild datt i eld», og med tilvising til Asbjørnsens huldreeventyr. Den tilviste varianten står i stykket «En Aftenstund i et Proprietærkjøkken», og verset lyder der:

«Kjører du til Eldstad fram,
så si til henne Deld,
at Dild datt i eld!»

(P. Chr. Asbjørnsen: Norske huldreeventyr og folkesagn, I, 1949, s. 74.)

Ei oppskrift av J. J. H. Burgess frå Fetlar i 1890-åra som også har med slutten av segna, tener berre som stadfesting på det som er opplyst av Jakobsen, men er ingen føresetnad for ein sikker identifikasjon av segna. Om denne vidgjetne segna, som første gong vart oppskriven av Plutarch om lag år 100, har Inger Boberg skrive ei bok, «Sagnet om den store Pans Død», 1934. Der er også J. J. H. Burgess' oppskrift omtala (s. 87), og ein må seia seg samd med Inger Boberg i at ei segn som har vore kjend i så mange variantar frå eit så lite område, og dertil har vore fortalt i norn, må ha gamal heimstadrett på øyane.

Slike døme viser etter mi meining at Jakob Jakobsen som samlar var langt føre si tid. Det same var han også i si kritiske sikting og redigering av stoffet. Det er dette som gjer at hans verk peikar framover og har vorte til så stor hjelp for framtidig forskning.

Jakob Jakobsens gransking av det norrøne målet på Shetland førde han fram til mange viktige konklusjonar av varande verd, m. a. i spørsmålet om relasjonen mellom Shetlandsnorn og norsk. Alt i si doktoravhandling frå 1897 formulerte han sin teori om det dialektale opphavet til Shetlandsnorn (s. 15): «Af de i H. Ross's norske ordbog (tillæg til Aasen) indeholdte nøjagtige angivelser af de steder, hvor de enkelte ord ere forefundne, fremgår det nemlig, at af alle de egne, som citeres, er det særlig det sydvestlige Norge (Agder), som er hjemstedet for de ord, shetlandsk har tilfælles med norsk». — I innleiinga til ordboka (s. XXIX) presiserer han denne konklusjonen nærmare, påviser at shetlandsk særleg har sitt opphav i målføra frå «det sydvestlige hjørne af Norge (spec. Jæderen, Ryfylke, Li. og Ma.), for en del også de sydligste egne, Telemarken, Sætersdal». Dette illustrerer han så gjennom ei ordsamanstelling frå ordboksverka til Aasen og Ross. — Denne påvisninga er til stor hjelp når det gjeld å fiksera proveniensen av folkeminnetekster, og stadfester på den andre sida at Jakobsens oppfatning er rett. Eg skal til slutt nemna eit par døme på dette.

I «Det norrøne sprog» s. 149 siterer Jakobsen etter «The Home of a Naturalist» frå Unst dette barnerimet:

«Bis bis byo
Bulva reeka tyo
Tak laigen
Slogan veggien
Bulva reeka tyo».

Dette er mykje forvanska, men meininga blir klår om vi jamfører med norske oppskrifter, t. d. denne frå Fjotland (V. Agder):

«Bi bi
baadne ve 'kje ti
ta dæ i leggen
sleng de mot veggien
tru de mægte tie».

Det finst 13 hittil kjende norske variantar, som viser stor

spreiing, men med tyngdepunkt på Sørvestlandet. Frå stroket Telemark vestover til og med Sunnhordland (Hordaland) er registrert 8 variantar. Resten finst på to små område, 2 frå Stryn (Sogn og Fjordane) og 3 frå Salten (Nordland).

Dette peikar i den lei at ikkje berre målet på Shetland, men også den munnlege tradisjonen hadde nær tilknytning til Sørvestlandet. Endå tydelegare vert dette når vi ser på eit anna shetlandsk barnerim, også frå Unst. (Det står på same stad i «Det norrøne sprøg»). Dei to første linene har Jakobsen sjølv skrive opp, men siterer også ei fullstendig form frå «The Home of a Naturalist»:

«Clapa clapa suda
Boochsina scholina Bjoda
Bauta deema kjota schin
Swala clovena vjenta in
Roompan poman soda».

Også dette er mykje forvendt, ikkje minst i målforma, men ei jamføring med norske oppskrifter gjer det tolleg lett å skjønna innhaldet. Å merka er at første lina ikkje har noko tilsvarende i dei norske variantane. Den kan vera lånt frå eit anna rim, som handlar om kakebaking og i norsk har som første line t. d.: «Klappe kaka søte». Sjølv rimet svarar til dei norske variantane både i innhald og form. Som døme ein frå Østre Moland (A. Agder):

«So ro min søde,
buksene skal mi bøde,
bøde dei med katteskin,
vende alle kløane inn,
det er godt nok til søden».

I siste line er det ein påfallande ytre likskap mellom rimet frå Shetland og eit frå Hafslo (Sogn og Fjordane): «I rompao pao vår søte vænn».

Det er hittil registrert 17 norske variantar. Av desse er heile 13 frå V. og A. Agder og frå Rogaland. Resten fordelar seg med 2 på Telemark, og 2 frå Sogn og Fjordane.

Jakob Jakobsens arbeid med Shetlands-målet vart desverre ufullført, men gjennom det synest vi skimta konturane av den storlagde forskningsoppgåva han hadde stelt seg, nemleg eit jamførande studium av alle vestnordiske mål og målføre. Denne oppgåva har like stor interesse for norsk, som for islandsk og færøysk språkforskning. Og det ikkje berre for språkforskinga, men for nordisk kulturforskning i det heile. Vi nordmenn har all grunn til å minnast Jakob Jakobsen for det banebrytande arbeidet han gjorde, og for dei verdfulle resultat og impulsar han let gå i arv til oss. Det var derfor heilt rettkome og naturleg at professor Torleiv Hannaas i 1917 i eit skriv til den norske regjeringa gjorde framlegg om å kalla Jakobsen til eit professorat i Noreg. Desverre kom dette tiltaket for seint, Jakob Jakobsen døydde nokre månader seinare, og fekk ikkje vita noko om det.

SUMMARY

Jakob Jakobsen's pioneer work on Shetland Norn has been of lasting value, not only to linguistic research, but also to the science of folklore. It is in keeping with the quality of his fieldwork, the completeness of his collections, and the systematization of the cultural historical background material for the sphere of linguistics. His precise information has made it possible to place a number of folklore fragments in Norn, which would have been difficult or impossible to identify if they had been left scattered. Among these are a Nordic medieval ballad, known in Norwegian as "Hustru kan deile med sin bonde", in Faroese as "Hústrú og bóndi", and the legend of the death of the great Pan.

At the same time, Jakobsen's evidence that the sources of Shetland Norn are strongly represented in dialects of southwestern Norway (Agder-Rogaland) has been of great help in fixing the provenience of certain nursery rhymes in a highly corrupt Norn. These rhymes are easily recognizable when we compare them with Norwegian variants. And the Norwegian variants are markedly associated with the geographical area in which the dialects have linguistic connection with Shetland Norn. These folklore texts thus confirm Jakobsen's theory.